



Nordhordland Ingeniør og Byggmesterforretning AS
Leknesvegen 163
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4709 - 16/4923

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
23.02.2016

Ferdigattest - bygg 4 bustad med to bueiningar - gbnr 196/146 Midtgård

Ansvarleg søker har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.01.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad journalført 28.01.2016.

Skildring:

| | |
|-----------------|--------------------------|
| Adresse: | Midtgardshøgda 7A og 7B |
| Bygningstiltak: | Bustad med to bueiningar |
| Bygningsnummer: | 3004457440 300445738 |

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad med to bueiningar på gnr. 196, bnr. 146. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4709



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Utvikling DA

Lurevegen 850

5912

SEIM

Mottakarar:

Nordhordland Ingeniør og
Byggmesterforretning AS

Leknesvegen 163

5915

HJELMÅS